Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Løten

Emne: Lauving | Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Aksel Andersen | Gard:

(adresse): Ådalsbruk | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er lite lauving i Løten no, mest berre i skogbygdene (Østre og Vestre Skogbygd og i Nordbygda). Men lauv er årvisst for der dei tek det. I krigsåra sist vart det venteleg teke noko meir lauv enn vanleg, av di mange som elles ikkje har brukt å havt sau eller geit, fekk seg tak i dyr då. (På villabruket åt nedskrivaren vart det soleis felt eller kolla nokre bjørker eit par år, og dei gav i alt 70-80 kjervar.)

A

2. Vanleg lauvingstid er etter slåttonna er unnagjord, og treslaga som mest vert nytta, er bjørk, osp, rogn og or. – Arbeidet med å lauva er kalla lau(v)ing.

3. Reidskapen ein nyttar til å hakka av lauvkvistene med, heiter lau(v)hakk (m). Lauvhakken har ein krok eller bøygg på oddan, og den er lagleg til å bøygja ned kvister med.

Ask- og eikelauv finst ikkje her, men av syljå har det vorte rispa blad, og det med berr hand.

1893

4. Lauv er teke både av tre som vert hogne ned, og av tre som står på rot. Kolling ser elles ikkje ut til å ha vore nytta på lenge i Låten. Spursmåla um alder på treet ved fyrste kollinga, um høgd og um kviletider millom hogging osb. kan det då heller ikkje svarast på. Men før i tida var det i alle fall ikkje uvanleg å sjå kollbjørk på innmark. Inngjerde kollbjørker har nedskrivaren likevel ikkje set. A

A.

5. Risplauv vart teke i høge meisar (meser) og bere på ryggen til turkeplassen på bakken.

Kjervlauv vart sett på staur (gjerne 10 stk. på stauren, dersom ein ikkje tok inn kjervane ferske og hadde dei ståande til turking på ein hjell i låven. Hesjar har ikkje vore nytta, heller ikkje stakkar. - Surlauv er ukjent.

Kjervane vart helst talde i 10. arar, av di det til vanleg gjekk 10 stk. på kornstauren. (Lauvlaje var frå gamalt 200 kjerv for dagen for den som hakka. Då skulde trea vera felte og greinene uppdelte og lagde til rettes.)

6. Kjervane vart oftast borne fram til tunet eller næraste jorde ved uthusa med det same dei var ferdige, og dregne på staur der, eller sette på hjell.

Lauvdugnad er ikkje spurd.

7. Lauv kunde takast både frå innmark og utmark. Karane felte trea, og kvinnone

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1893

 3

hakka kvister høveleg lange og batt deim i kjervar med ein binnil som dei valde ut millom dei lengste og rettaste kvistene i haugen.

8. Lauvet vert gjerne lagt i kåster ovanpå høyet etter det er turt. Før i tida hadde dei sauhøyet for seg med det lauvet som sauen skulde ha, ovanpå det, hesthøyet for seg med hestlauvet ovanpå det. (Peter Hekne, Romedal, 74 år.) B.

Geit, sau, ku og hest skulde ha lauv. Til geit og sau var 100 kjervar det minste ein fekk rekna med; men det skadde ikkje å ha det dubbelte (P. Hekne). Ku og hest fekk so mykje dei greidde å råda til, utanom det til småkrøtera. B

9. Asplauv har vore rekna for fint lauv åt hestar. Av det skal dei verta blanke i holdet. Sauen likar asp, han òg; men får han for mykje aspebork, har han lett for å røyta ulla. Av order (or) vart det laga hakklauv åt kua før; det var lauvkvister som vart hakka smått og turka i skuggen på bakken. Det måtte ikkje verta svart. Rogn er likeissas halde for å vera godt lauv både åt sau og kv, og bjørk — som det er mest av — et dyra godt, når det ikkje har vorte blakt, eller det er for mykje fruktrakler i det (korner).

10. Almelauv er det ikkje noko av på desse kantar.

11–15. Samslauving er ukjend. Spursmåla kring dette fell difor burt. 1893

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## B. Lauv som vert raka i hop på bakken.

A.

1. Soplauv eller rakalauv har folk høyrt gjete; men det er ikkje likt til at det har vore nytta til fôr på lenge. (Til strøy under sauene brukte nedskrivaren litt av det i krigsåra, og det kan vera at dei smaka på det i blant; men dei lika det nok ikkje.)
2. Det var truleg allslags lauv som vart teke vare på fôr; når det ikkje var rote då.
3. Reidskapen måtte fyrst og fremst vera rive; men ville ein ha med retteleg rubb og stubb, kunde soplimen gjera beste arbeidet. Med hendene var det råd å få med seg noko òg, der lauvfallet var serskilt tett.
4. Meis, sekk, forkle, stakk har venteleg vore ambod dei nytta når soplauvet skulde fraktast i hus.
5. Å raka lauv var kvinnfolk- og barnearbeid, kan ein segja; men lauving, anten det var å ta kjervlauv, hakklauv, eller å rispa, skulde det helst berre vera vaksne folk til.
6. I bingar eller langar (bingen, langen) kunde det vera lagleg å ha slikt visne lauv. Men var lauvet rått, og det var djupt til botnen, kunde det feta av seg sjølv, noko som det er døme på frå notida, der soplauv har vore samla til andre fyremål, t. d. til strøy.
7. Det var helst i sørpe i lag med andre

1893

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1893

førslag at det simplaste lauvet vart blanda. Når sørpa vart salta, vart kua i alle høve fus på å koma til botnen av bytta eller ómbóren.

Einskild ting elles kring denne fôringsmåten har det ikkje lukkast å få tak i.

8. Dei som steller med dyr no, ser ikkje ut til å ha stor tru på at det fanst noko slag rakalauv som kan reknast for godt fôr.

9. I siste storkrigen er det ikkje spurt at det var nokon som var nøydd til å bruka slikt fôr på desse kantar. Soplauv-tida må liggja eit par mannsaldrar attende minst, med nokre få unnantak venteleg; men dei har då denne etterrøkjinga ikkje fått i dagen. (Kari Storsveen, f. 1857, har ikkje vore med og fôra med soplauv, endå ho har vore budeie og husmannskjerring eit par mannsaldrar, og sjølv er uppvaksi i ein husmannsheim.)



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING